

## Referat foreldremøte SFO 13.september 2023

Personalet:

Base 1 (1.klasse)- Safeta, Kari, Karina, Malin og Ingrid

Base 2 - Wenche, Camilla, Tatjana, Kirsten, Nils Morten, Lise, Olaug og Henriette (lærling)

Og kokken Tove.

SFO = skule **FRITIDS** ordning. Opptatt av at barna skal få velja sjølv kva dei vil gjera. Elevmedverknad.

Totalt 120 barn på sfo. 14 ansatte. Me har 15 barn pr. vaksen.

Opningstid 7.15-16.00.

Morgon sfo 7.15-8.30 i 1.klasseromma. Frukost fram til kl. 8.00. Utetid ca 8.15-8.30. Ingen vert etterlyst på morgon sfo. Dei som ikkje har morgon sfo må vente utfor.

Aktivitetar: får tilbod om ulike aktivitetar i løpet av veka. Eks gym, dans, syng og dans deg glad, 3-4.klasseklubb, bingo, male, lage aktivitet og liknande. Legg ut aktivitetsplan kvar mnd på heimesida.

Mat i Restaurant Matglede. To varme måltid i løpet veka. Base 1 startar med mat rett etter skulen. Så et dei andre etter kvart.

Husk å gi beskjed om det vert endringar, om barna skal vera med andre heim eller om nokon andre skal hente. Fint at så mange brukar visma appen til å gi oss beskjedar. Lurt å sende beskjed før sfo startar. Husk å gå inn på sfo nedst på linja i appen, og legg inn dagsbeskjed der. Ikkje send som melding.

Alle i sfo har den same garderobehylla som dei har i skulen, så dei treng ikkje to sett med klede.

Husk å merk alle klede med namn.

Smartklokker skal vera i sekken og på skulemodus heile skule/sfo dagen.

Ferier og fridagar: Sender dette ut via visma flyt skole. Treng vite kor mange som kjem for å kunne lage ein arbeidsplan, planlegge mat og aktivitetar. Ein ansatt i sfo som har 40 %, arbeidar 15 timar i veka. Til vanleg fordelt over 5 dagar. I feriane dekkar det to heile dagar. Eg treng vite antall barn for å vurdere om me treng vikarar. Etter svarfristen kan de sende mail dersom det vert endringar på ferieoppsettet. Fint om de skriv, som ein kommentar, kva klokkeslett som skal gjelde i feriane. Om ikkje, tek me utgangspunkt i dei klokkesletta som er til vanleg. Me etterlyser barn som ikkje har kome etter kl 9.30. Ber om at de gir oss beskjed så snart de veit om endringar på den oppsette planen.

Oppseiing/endring av dagar: MÅ gjerast i Visma flyt skole, ikkje via appen. Er 2 mnd oppseiingstid frå den 1. i kvar mnd. Alle har sfo plassen ut 4.klasse eller til den blir sagt opp.

SFO har nasjonal Rammeplan. Time kommune har eigen kvalitetsplan og me på Frøyland sfo utarbeidar ein handlingsplan.

Husk å abonner på nyheiter på heimesida til skulen. All info vert lagt ut der.

Mvh

Olaug Iren Lode, SFO leiar